



Tor Hugo Bauge
Råvarden 199
5239 RÅDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3853 - 22/6109

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
21.01.2022

Ferdigattest - gbnr 491/27 Kvitstein - minirenseanlegg

Administrativt vedtak: Saknr: 082/22
Tiltakshavar: Tor Hugo Bauge
Ansvarleg søkjar: Vest Rørservice AS
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for minirenseanlegg med tilhøyrande leidningsnett på gbnr 491/27 Kvitstein.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 07.07.2021. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad mottaken 18.01.2022

Skildring

Adresse:	Kvistevegen 294
Tiltak:	Minirenseanlegg med tilhøyrande leidningsnett

Regelverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/3853

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Tor Hugo Bauge
Vest Rørservice AS

Råvarden 199 5239
Kvernhusvegen 5 5936

RÅDAL
MANGER